



# VOSS HERAD

## 2020-2032

KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL







## INNHOLD

FORORD .....	4
INNLEIING .....	5
Forventningar og føringar .....	6
Bakgrunn .....	7
Berekraftsmåla .....	7
Folkehelse .....	7
Sentrumsutvikling og senterstruktur .....	7
Folkevekst og bustadutvikling .....	7
Kommunale tenester .....	7
Samfunnstryggleik og beredskap .....	7
ATTRAKTIVE VOSS – BYGD FOR STERKE OPPLEVINGAR .....	7
Voss herad skal vera inkluderande, trygt og berekraftig .....	7
Voss herad skal fremja ei berekraftig bruk av økosistema våre. ....	7
Voss herad fornyar partnerskap for ei berekraftig utvikling .....	7
INKLUDERANDE VOSS – EI BYGD FOR ALLE .....	7
Voss herad skal sikra god helse og fremja livskvalitet for alle .....	7
Voss herad skal sikra ei god utdanning og fremja livslang læring for alle .....	7
Voss herad skal redusera ulikskap .....	7
Voss herad skal ha likestilling og styrka jenter og kvinner si stilling .....	7
Voss herad skal fremja eit fredeleg og inkluderande samfunn med sikte på berekraftig utvikling .....	7
INNOVATIVE VOSS – MED RØTER OG VENGJER .....	7
Voss herad skal byggja solid infrastruktur og bidra til innovasjon .....	7
Voss herad skal sikra tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi .....	7
Voss herad skal handla no for å motverka klimaendringane og konsekvensane av desse .....	7



Foto: Dahls Foto v/Ane Dahl Kristengård

# FORORD

Inngangen til året 2020 markerte terskelen til noko nytt. Det meste rundt oss ser ut akkurat som før, likevel er det nytt. Voss herad er mykje meir enn ei ny kommunegrense for Voss kommune.

Voss herad er meir enn ei samanslåing av Oksenhalvøya og verdsarven Vestnorsk fjordlandskap (med den vakre naturen), Granvin (trivselbygda) og Voss (bygd for sterke opplevingar). Voss herad er ei samansmelting av Vossa- og Hardangerkulturane. Voss herad er ein ny og moderne kommuneorganisasjon. Og sjølv om Voss herad er unikt og noko ingen kan kopiera, så er Voss ein viktig del av verdssamfunnet.

Ny start i eit nytt herad markerer ei tid for endring og eit høve til å ta nye grep for å vidareutvikla gode og berekraftige lokalsamfunn. Me har over lang tid opplevd stor vekst i velstand og rikdom i Noreg, men ulikskapane har heller aldri vore større. I ei tid der me aldri tidlegare har sett meir openheit, toleranse og inkludering, ser me òg motsetningar, utanforskap og hat. Klimaendringar fører til ekstreme værsituasjonar, kanskje ikkje større enn tidlegare, men i alle fall hyppigare.

At endring er det einaste som vert konstant framover, er ein oppbrukt klisjé. Men syner me ikkje vilje og evne til endring, så overlever korkje me som menneske, eller kloden vår. Akkurat her vil me kanskje finna Voss sine største konkurransefortrinn framover. Utanfor Voss er det særleg to ting Voss er kjent for: Det tradisjonsrike, særnorske og nasjonalromantiske, og det ekstreme, ville og nye. I spennet mellom det trygge og det galne ville me vera betre rusta enn dei fleste til å kopla historia med framtida, tenkja globalt, handla lokalt og skapa det nye berekraftige.

Kommuneplanen plasserer Voss som ein del av verda gjennom lokale løysingar på globale utfordringar, men planen plasserer også verda som ein del av Voss.



# INNLEIING

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med tilhøyrande arealdel. Planen skal vera eit politisk og administrativt arbeidsverktøy for ei føreseieleg utvikling i kommunen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein langsigktig plan, med visjon, strategiar og mål for kommunen som samfunn og som tenesteprodusent.

Kommuneplanen sin arealdel er ei oppfølging av føringane som er gjevne i samfunnsdelen.

Økonomiplanen er samfunnsdelen sin handlingsdel med prioriterte mål, satsingar og tiltak.

Voss herad og Vossevangen skal vera ei drivkraft for vekst i regionen – både for nabokommunane og overfor eigne lokalsenter og nærsenter. Voss er ei kulturygd, der tradisjon og utvikling går hand i hand. Visjonen som vert lagt til grunn for Voss herad, er at me skal vera eit **sterkt regionsenter med levande bygder**.

Visjonen vert fylgt opp med tre satsingsområde: «*attraktive Voss – bygd for sterke opplevingar*», «*innovative Voss – med røter og vengjer*» og «*inkluderande Voss – bygd for alle*».

For kvart satsingsområde er det definert mål og delmål som skal bidra til at me greier å følgja opp satsingsområda, og såleis på sikt når visjonen om at Voss herad er **eit sterkt regionsenter med levande bygder**.

## Forventningar og føringar

I tråd med plan- og bygningslova § 11-1 skal kommuneplanen ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i fylkeskommunalt og kommunalt arbeid med planstrategiar og planar, og skal leggast til grunn for statlege myndigheter sin medverknad i planlegginga. Nye forventningar for 2019 – 2023 vart vedteke ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019.

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane me har i vår tid. Bruk av berekraftsmåla til FN skal bidra til at me sikrar sosial rettferd og god helse, at me stansar tap av natur, og at me kan møta klimaendringane.

Regjeringa legg vekt på at me står ovanfor fire store utfordringar:

- Å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk
- Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skapa eit trygt samfunn for alle

Statlege planretningsliner vert brukt for å konkretisera dei nasjonale forventingane.

Det finst planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Det finst også rikspolitiske retningslinjer for å styrka barn og unge sine interesser i planlegginga, og for å verna vassdrag.

Plan og bygningslova, naturmangfaldslova, folkehelselova og sivilbeskyttelseslova er òg førande i arbeidet med kommunal planlegging.

Gjeldande lover og forskrifter, Stortingsmeldingar, regionale planar og føringar, samt interkommunale avtalar ligg òg til grunn for heradet sin kommuneplan.



## Bakgrunn

Voss er ikkje berre sentrum, ekstremsport og verdsmeistrar. Me er òg lokalsamfunn, kulturygd, eldsjeler, kvardagsmenneske, breiddeidrett, lag og organisasjonar, fjell og fjordar.

Voss herad har sin plass i ein global fellesskap, der menneske, stader og land påverkar kvarandre. Berekraftsmåla til FN er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, utlikna ulikskapar og stoppa menneskeskapte klimaendringar innan 2030. Voss skal ta ansvar slik at me når berekraftsmåla, og kommuneplanen vår skal vera tufta på FN sine mål om ei berekraftig utvikling. Me vil ta utgangspunkt i konkrete mål, handla lokalt og tenkja globalt, og såleis skapa ein ny dimensjon i teneste- og samfunnsutviklinga vår.

Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på dei behova menneska som lever i dag har, utan at dette går ut over komande generasjonar. Berekraftsmåla gjeld for alle land, også dei rike. Dette inneber at norsk politikk vert påverka, både nasjonalt, regionalt og lokalt. Engasjerte kommunar vil bidra til berekraftige løysingar.

## FNs BÆREKRAFTSMÅL



Berekraftsmåla består av 17 mål og 169 delmål. Alle mål og delmål kombinerer dei tre dimensjonane som krevst i ei berekraftig utvikling: Klima og miljø, økonomi og sosiale forhold.


*Sosial berekraft* skal sikrast ved at innbyggjarane opplever tilhørsle til nærmiljøa og lokalsamfunnet. Sosiale nettverk, brubygging og ein kultur prega av openheit, tillit og tryggleik kan bidra til dette. Små forskjellar byggjer fellesskap og kan bidra til høg tillit i samfunnet. Tillit gjer det enklare å samhandla på dei fleste område. Det handlar òg om å skapa gode, helsefremjande omgjevnader for menneske å opphalda seg i.

Ei berekraftig utvikling krev at me har sosial, økonomisk og miljømessig berekraft samstundes

For assets and information mail to: TheGlobalGoals@trollback.com TROLLBÄCK+COMPANY +1 212.529.010

*Økonomisk berekraft* handlar om at næringslivet må ha gode ramnevilkår for at det skal kunna utviklast nye næringar, og for at noverande næringar skal kunna veksa. Ein viktig del av den økonomiske berekrafta er at så mange som mogeleg er i jobb, og kan ta del i arbeidslivet. Menneskelege ressursar i lokalsamfunnet må sleppa til, og få handlingsrom til å utvikla evner, kunnskap og kompetanse. Samtidig er det avgjerande at dei som kan og vil, får høve til å bidra med ressursane sine i lokalsamfunnet. Tenestene til kommunen må også vera økonomisk berekraftige. Dette inneber at innbyggjarane i stor grad må ta ansvar for å meistra eige liv.

*Miljømessig berekraft* krev at me gjer nokre grep slik at miljøet rundt oss kan bestå, til glede for dei som kjem etter oss. For å skapa miljømessig berekraft må me redusera klimagassutslepp, tilpassa oss endringar i klimaet, reisa annleis, brukar areala våre på ein betre måte og verna om naturressursane.



Kommunen har allereie ansvar for fleire oppgåver som vil bidra til ei berekraftig utvikling. Kommunen leverer mellom anna helsetenester, skulegang, bustadpolitikk, infrastruktur, vatn og renovasjon. Me forvaltar areal og bustader, sikrar kulturminne og balanse mellom utbygging og grøne areal, og set i verk tiltak for å redusera klimapåverknader.

Voss herad har valt å lyfta opp 13 av dei 17 FN-måla i kommuneplanen, ut ifrå kvar me kan bidra mest, eller etter kva mål som er mest aktuelle. Til desse 13 måla er det lista 59 delmål - dels direkte frå FN sine berekraftsmål, dels frå lokalt prioriterte område. Ytterlegare konkretisering av delmåla og prioritering av relevante tiltak for å nå måla, vert innlemma i økonomiplanarbeidet.

Berekraftsmåla skal saman med dei tre satsingsområda, attraktive, innovative og inkluderande Voss, føra til at Voss herad vert eit sterkt regionsenter. Voss vert ikkje eit sterkt regionsenter utan å vera berekraftig. Voss vert heller ikkje attraktiv utan å vera inkluderande.

Dei ulike elementa må difor jobba saman for at me skal kunna nå måla for heradet, og for at Voss herad skal kunna bidra til samfunnsutviklinga utanfor kommunegrensene. Dette kan illustrerast som i figuren under.





## Folkehelse

Folkehelsearbeid er samfunnet sin totale innsats for å oppretthalda, betra og fremja innbyggjarane si helse. Dette kan skje ved å redusera faktorar som fører til dårlegare helse, eller ved å styrka faktorar som fører til betre helse. «Helse i alt me gjer» er sentralt i arbeidet med folkehelsa.

Lov om folkehelsearbeid (2012) har 5 viktige prinsipp: Medverknad, berekraft, helse i alt me gjer, føre var og utjamning av sosial ulikskap. Ifylgje verdas helseorganisasjon (WHO) er det berre 10 % av helseproblema som helsetenesta kan gjera noko med. Dei resterande 90 % er påverka av tilhøve utanfor helsetenesta: Barnehage, skule, oppvekst, kulturlivet, næringslivet, arbeidslivet, frivillig innsats og lokalsamfunnet du bur i. Alle desse områda må ta del i folkehelsearbeidet.

Heradet skal difor ta ansvar for eit aktivt samarbeid med næringsliv, frivillige organisasjonar, grendalag og grendautval for å sikre at alle innbyggjarane, også alle som treng særskild tilrettelagde aktivitetar, kan delta i meiningsfulle aktivitetar.

Helse er å meistra kvardagens krav. Alle kommunale tenester må leggja til rette for at alle innbyggjarane kan meistra liva sine, og få nytta ressursane sine til det beste for seg sjølv og samfunnet. Når samfunnet legg til rette for dette, vil folk oppleva god helse og livskvalitet. Folk må i framtida ta styringa over eiga helse i større grad enn tidlegare. Kjensla av meistring er grunnleggjande for å oppleva god helse. Folk må få bruka eigne ressursar. Den kommunale ressursbruken må rettast inn mot tidleg innsats og førebygging, framfor reparasjon.

Dei viktigaste folkehelseutfordringane nasjonalt og i fylket er aukande økonomisk ulikskap og barnefattigdom. Saman med ei aukande befolkning av eldre, står Voss herad i hovudsak ovanfor dei same folkehelseutfordringane som elles i landet.



17 100  
vossingar i  
2040



Det nye heradet vil ha om lag 800 fleire innbyggjarar ved utgangen av planperioden (SSB middels vekst 2018-31). Folketalet i Voss sentrum aukar. Auken vil vera størst i Voss sentrum og ein må difor legga til rette for god arealutnytting der. I tillegg bør bustadutviklinga koma i lokalsentra og nærsentra. Me ynskjer samtidig å oppretthalda busetnaden i bygdene for å trygga levande grender i heradet. Utanfor senterområda ynskjer me difor å opne opp for einskildtomter for å sikra «vedlikehaldsvekst» og livskraftige grender også i framtida. Framtidig arealbruk skal vektlegga jordvern for å trygga landbruksbygda vår.


## Folkevekst og bustadutvikling

Folketalet i Voss herad er på 15 740 innbyggjarar per 1. januar 2020, og venta å auka til 16 470 i 2030, og opp til 17 100 i 2040.

Bustadutvikling heng saman med folketalet. Når folketalet veks, vil behovet for bustader auka. Om lag 70 % av bustadmassen i Voss herad er einebustader og våningshus. Framskrivinga av hushald til SSB 2020-2031, viser at det er klar overvekt av hushalda «åleinebuande», og «par utan heimebuande barn» i planperioden. Desse to kategoriane utgjer om lag 62% av alle hushald. Behovet for mindre bu-einingar vil vera aukande i framtida, sjølv om det er klar overvekt av einebustader i dag. I bustadplanlegginga er det også viktig å fanga opp dei som har utfordringar på bustadmarknaden. I perioden 2006 til 2018 vart det oppført 859 bustader i Voss herad. Til samanlikning auka folketalet med 700 personar i same periode.

## Sentrumsutvikling og senterstruktur

Voss herad satsar på Voss sentrum gjennom å ta vare på det som har historisk verdi, og utvikla det som er naturleg for eit attraktivt og moderne regionsenter. Sentrumsplanen vil trekka opp strategiane for fortetting og transformasjon. På same måte som Voss sentrum er i utvikling, må lokalsentra og nærsentra utviklast. Sentra må avgrensast geografisk – og Voss herad vil satsa på at lokalsentra og nærsentra har tenlege funksjonar for dei som bur der.





## Kommunale tenester

Heradet sine tenester er sentrale for innbyggjarane frå vogge til grav. Gjennom god brukarinnnsikt skal ein tilby ei effektiv tenesteyting av god kvalitet. Voss herad skal vera ein tillitsskapande og målretta organisasjon. Vidare må organisasjonen vera innovativ, endringsdyktig og ha ein kultur for kontinuerleg forbeting, der dei tilsette opplever høgt meistringsklima.

## Samfunnstryggleik og beredskap

Voss herad har eit ansvar for å kjenna sine risikoområde, og vera førebudd på å handtera større uynskte hendingar.

Kommunen skal jobba heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap, og på tvers av sektorar i kommunen.

Beredskapsprinsippa ansvar, likskap, nærliek og samvirkeprinsippet er viktige for godt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Voss herad skal leggja til grunn eit «føre var» prinsipp for samfunnstryggleik og beredskap. Gjennom ROS-analysar skal me ha oversikt over kva risiko det er til dømes for ras, flaum, pandemiar, sjukdomar, trafikkulykker, svikt i kritisk infrastruktur, atomulykker, stråling og forureining.

Ekstremvær i form av flaum, skred og ras inntreff oftare enn før, og inneber at kommunen lyt prioritera klimatilpassing i framtidig planlegging og utbygging.

Utbetring av Vossebana i ny trasé og ny E16 vil bety mykje for samfunnstryggleiken i heradet og regionen elles.



Foto: Petter Helland

## ATTRAKTIVE VOSS – BYGD FOR STERKE OPPLEVINGAR

Voss skal vera ei bygd for sterke opplevingar. I heradet skal ein kunna få sterke og gode opplevingar i naturen, i kulturlivet, på skulen og i omsorgstenestene.

Voss herad har ein storslagen natur som inviterer til gode og sterke opplevingar, heile året. Å sikra verneverdig natur og kulturmiljø i heradet vil vera viktig for folkehelse og livskvalitet, for å oppretthalda ei levande landbruksbygd, og for ny nærings- og reiselivsutvikling. Kulturbygda, idrettsbygda og festivalbygda Voss skal vidareførast, styrka merkevara Voss og skape bu-lyst, med positive ringverknader for Voss som attraktivt regionsenter, og heilårs reiselivsmål. Verdien av frivillig innsats i heradet skal verdsetjast og vidareutviklast i samarbeid med dei kommunale tenestene.

Voss sentrum er i utvikling. Det er viktig for eit sterkt regionsenter. Både for eigne innbyggjarar, kommunar i regionen og overfor sentrale styresmakter.

Sentrumsplanen vert sentral i arbeidet med å nå målet om eit attraktivt sentrum. Me skal ta vare på dei historiske verdiene, og utvikla sentrum som eit moderne samfunn. Voss sentrum må vera ein møtestad for innbyggjarar i alle aldrar. Det må vera kort avstand mellom bustad, grøne lunger, tenester, handel og kollektivtilbod. Nye bustader skal ha livsløpsstandard, og sentrale fellesområde vera universelt utforma. Det skal stimulerast til gåing og sykling, i tråd med eit berekraftig miljø og god folkehelse



Voss er ein attraktiv stad å bu og driva næring. Voss herad skal leggja til rette for framtidsretta verdiskaping innan reiseliv, landbruk, sjøretta og kulturbasert næringsliv og helse- og omsorgstilbod. Arbeidet med næringsutvikling og innovasjon skal prioriterast, for å styrka eksisterande arbeidsplassar, og for å skapa nye.

Voss er også attraktive nærsenter og lokalsenter med bygder som har fokus på trivsel og livskvalitet. Nærsentra og lokalsentra er viktige i det nye heradet.

Granvin og Oksenhalvøya opnar Hardangerfjorden for Voss herad. Saman med verdsarven knytt til Nærøyfjorden inviterer desse til unike kvalitetar som vil styrka tilgang til friluftsområde, fjordaktivitetar og ei vidareutvikling av heradet sitt reiselivsprodukt.

Voss er eit sentralt trafikalt knutepunkt for indre Hordaland og Sogn. Voss sentrum skal utvikla seg med utgangspunkt i jernbanestasjonen.

Heradet skal arbeida for å tryggja innbyggjarane sine interesser i samband med ny E16.

Voss herad skal jobba for at K5 vert realisert med bane/veg frå Arna til Voss. Realisering av K5, med kortare reisetid mellom Voss og Bergen vil bidra positivt til vidareutvikling av Voss som attraktivt regionsenter. Voss vil kunna dra vekslar på Bergensområdet – og omvendt – på ein heilt annan måte enn tidlegare.



11 BÆREKRAFTIGE  
BYER OG SAMFUNN



12 ANSVARLIG  
FORBRUK OG  
PRODUKSJON

## Voss herad skal vera inkluderande, trygt og berekraftig

Det skal vera ei jamn folketalsvekst i heradet fram til 2031, og me vil arbeida for å skaffa nye arbeidsplassar – offentlege og private.

Voss skal ha plass til alle. Me skal arbeida kontinuerleg for å leggja til rette for ein berekraftig balanse mellom næringslivsutvikling og natur- og kulturmangfald.

Innan 2030 skal me sikra ålmenn tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og grunnleggande tenester til ein overkommeleg pris (11.1). I dag finst det eit mangfold av bustadtilbod i gode bu-miljø i Voss herad.

Me skal styrka innsatsen for å verna om kultur- og naturarven i heradet (11.4). Vossanatur og kulturarven vår skal gje grobotn for nye kulturtildob. Ei brei kultursatsing skal gje styrka identitet, gode opplevingar og bu-lyst, og gje merkevara Voss eit kulturelt innhald. Naturen vår skal ha rom til både dei som ynskjer rekreasjon, og til dei som vil utøva ekstremsport.

Me skal vareta dei unike natur- og kultukturvalitetane i verdsarven vår, på ein berekraftig måte.

Voss er ei bygd der landbruk er ei viktig næring. Innan 2030 skal me ha ei berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursane (12.2).

Næringslivet vårt skal ha gode rammevilkår som innbyr til vekst og nyskapning. Så mange som mogeleg skal vera aktive i arbeidslivet, og på denne måten få utvikla evner, kunnskap og kompetanse.

Innan 2030 skal me ha redusert dei negative konsekvensane for miljø og helse, særleg med tanke på støy, luftkvalitet og avfallshandtering (11.6). Innan 2030 skal me ha halvert mengda av matsvinn per innbyggjar (12.3). Me skal redusera avfallsmengda generelt monaleg gjennom forbod, reduksjon, gjenvinning og ombruk (12.5).

Eit anna viktig satsingsområde vil vera å styrka miljøvenleg kollektivtransport. Heradet vil arbeida for realisering av K5, lokal tilrettelegging og at det skal vera enkelt for innbyggjarane å gå og sykla.

Innan 2030 skal me ha sytt for ålmenn tilgang til trygge, inkluderande og lett tilgjengelege grøntområde og offentlege rom. Særleg satsing skal me ha for born, eldre og dei med nedsett funksjonsevne (11.7). Me skal nyta natur og kultur til å betra folkehelsa.





Me skal støtta opp om positive økonomiske, sosiale og miljømessige relasjonar mellom sentrumsområda og grendene våre (11a). Alle skal bu godt i rause og aktive lokalsamfunn, levande grender, der innbyggjarane skapar og deltek i aktivitetar. Voss sentrum skal vera eit levande sentrum med attraktive møteplassar. Lokal- og nærsentera skal tryggjast og utviklast.

Heradet skal fremja berekraftige ordningar for offentlege innkjøp. Det vil sei at me skal stilla krav til leverandørane våre, og planleggja innkjøp slik at det gjev minst mogeleg negative konsekvensar for miljøet.

Me skal bidra til ei berekraftig utvikling av ei turistnærings som skapar arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt (12b).

Kommunen sin arealbruk skal bidra til å sikra naturmangfaldet, kulturmiljøet og vareta eit aktivt og levande landbruk.





Voss herad skal fremja ei berekraftig bruk av økosistema våre. Me skal ta vare på fjordar og vassdrag på ein måte som fremjar berekraftig utvikling

*Vossavassdraget* oppstraums Vangsvatnet, Øvstedalsvassdraget, samt Nærøydals-vassdraget, Granvinsvassdraget og Undredalselvi er varig verna mot kraftutbygging. Heradet har 11 naturreservat (Joberget, Granvindeltaet, Folkedal, Uranes, Kvanddal, Åkre og Vikane, Håmyrane, Lønaøyane, Rekvesøyane, Grånosmyrane og Fadnesskaret), to landskapsvernområde (Stølsheimen og Nærøyfjorden) og viktige område for villrein. Både villrein og Vossolaksen er særleg utsette artar me vil trygga på berekraftig sett.

Me skal sikra vern, rehabilitering og berekraftig bruk av økosystem i ferskvatn, i skogar, våtmarker, fjell og turre område. Me skal fremja berekraftig skogsforvaltning (15.1, 15.2).

Innan 2030 skal me sikra vern og biologisk mangfold i økosistema i fjella våre, slik at dei er i stand til å yta viktige bidrag til ei berekraftig utvikling (15.4). Arealplanlegging skal basere seg på oppdatert kunnskap for å verna villrein i heradet vårt.



Me skal innføra relevante tiltak for å unngå innføring og spreiling av framande artar og påverknaden deira på land- og vassbaserte økosystem (15.8).

Me skal innarbeida prinsipp om økosystem og biologisk mangfold i lokale planleggings- og utviklingsprosessar (15.9).

Innan 2025 skal me hindra, og i monaleg grad redusera, alle former for ureining av kystområda våre (14.1).

Me skal forvalta og verna økosystem langs kysten på ein berekraftig måte, for å unngå omfattande skadeverknader (14.2).

Me skal bidra til å skaffa finanzielle ressursar med sikte på å sikra naturmangfold, vern og berekraftig bruk av biologisk mangfold og økosystem (15a).



## Voss herad fornyar partnarskap for ei berekraftig utvikling

Me skal arbeida for å nå ein meir samstemt politikk for berekraftig utvikling (17.14).

Me skal bidra til å styrka globale partnarskap for berekraftig utvikling (17.16).

Me skal delta i internasjonale samarbeid som bidreg til at me når måla våre. Me skal samarbeida med universitet og høgskular når dette bidreg til at me når måla våre.

Me skal stimulera til, og fremja velfungerande partnarskap i det offentlege, mellom det offentlege og private, og i sivilsamfunnet (17.17).



# INKLUDERANDE VOSS – EI BYGD FOR ALLE

Voss har lang tradisjon som turiststad, og har i lange tider teke imot gjester. Me er reisemål for tilreisande frå innland og utland, regionsenter for andre kommunar, og ein stad der sentrale myndigheter har forventningar om vekst. Voss har eit godt omdøme. Me skal vareta og byggja vidare på det gode omdømet, og Voss skal ta det ansvaret som vert kravt av eit regionsenter. Voss herad skal vera både frampå og inkluderande.

Voss skal også vera ein stad der innbyggjarane kjenner seg inkluderte. Innbyggjarane våre skal oppleva tilhørsle til nærmiljøa og lokalsamfunnet, gjennom sosiale nettverk og bruer mellom dei, som bidreg til ein kultur prega av openheit, tillit og tryggleik. Foreldre skal få den støtta og oppfølginga dei treng for å skapa trygge rammer for borna som skal byggja samfunnet i framtida.

Trygge sjølvbilete er igjen avgjerande for å byggja både kunnskap, kulturell og sosial kompetanse, som framtidig arbeidsliv vil krevja. Utdanning er avgjerande for arbeidsdeltaking, innbyggjarane si helse, og dermed kommunen si sosiale og økonomiske berekraft. Det er viktig for Voss herad at alle kan delta aktivt i samfunns-, kultur- og arbeidsliv. God helse, utdanning og eit ope og tolerant samfunn er viktige føresetnader for å oppnå høg sysselsetjing og deltaking.



## Voss herad skal sikra god helse og fremja livskvalitet for alle

Alle skal oppleva tryggleik, meistra kvardagen og ha fleire aktive leveår med god helse og trivsel. Tryggleiken som ligg i å ha tilgang til gode offentlege tenester når ein treng det, er avgjerande for opplevd helse. Voss herad skal ha årsmenn dekning av gode og trygge helsetenester, og tilby desse på rett nivå (3.8).

Voss herad vil styrka helse og levekår gjennom førebygging og folkehelsearbeid. Me skal leggja til rette for at innbyggjarane kan vera mest mogeleg sjølvhjelpe i alle livsfasar. Heradet vil få utfordringar knytt til stadig fleire eldre. Eigne strategiar, mål og tiltak skal utarbeidast sånn at heradet vert eit aldersvenleg samfunn.

Voss herad skal førebyggja framfor å reparera i helsetenesta. Me skal satsa på tidleg innsats og driva førebyggjande og helsefremjande arbeid. Tenestene skal innrettast slik at førebygging er eit grunnleggjande fokus overfor unge, eldre og menneske med særlege helseutfordringar. Me skal dela kunnskap om tiltak og verktøy, slik at folk er i stand til å vareta og betra eiga helse.

Voss herad skal fremja mental helse og livskvalitet (3.4). Einsemd skal førebyggjast, og me skal skapa møteplassar som inviterer til meiningsfull aktivitet og deltaking. Me skal arbeida for inkludering, og hindra utanforskap. Me skal hjelpe dei som slit med daglege gjeremål og meistring av livet, og hindra fråfall frå skulegang og arbeidsliv. Me skal ha særleg fokus på mental helse hjå unge, både gutter og jenter.

Me skal styrka førebygging og behandling av misbruk, mellom anna av narkotiske stoff og alkohol (3.5). Det skal utviklast gode lågterskeltilbod, tiltak for å meistra livet og førebyggjande haldningsarbeid.

Voss er eit knutepunkt med mange på gjennomreise, og risikoutsette vegar. Innan 2025 skal me ha halvert omfanget av skadar og dødsfall grunna trafikkulukker (3.6).





## Voss herad skal sikra ei god utdanning og fremja livslang læring for alle

Innan 2030 skal me sikra at alle fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet, som kan gje relevant og reelt læringsutbytte (4.1). Heradet skal gjera det ein kan for at det skal vera høgare utdanningstilbod på Voss.

Innan 2030 skal me sikra alle jenter og gutter tilgang til god og tidleg omsorg og førskule, slik at dei er budde på å starta i grunnskulen og får ein trygg og god oppvekst (4.2)

Innan 2030 skal me ha ein monaleg auke i talet på unge og vaksne med kompetanse som er relevant for sysselsetjing, anstendig arbeid og entreprenørskap (4.4). Voss herad skal tilby ei stor breidde av læreplassar, og samarbeida med andre for å etablira fleire læreplassar.

På denne måten vil me tryggja at næringsliv og offentleg sektor i heradet har tilgang til relevant kompetanse for framtida.

Innan 2030 skal me ha avskaffa kjønnsforskjellar i utdanning og opplæring, og sikra sårbare personar, som menneske med nedsett funksjonsevne og born i utsette situasjonar, same tilgang som andre til utdanning og yrkesfagleg opplæring (4.5).

Innan 2030 skal me sikra at alle unge og vaksne har dei grunnleggande dugleikane dei treng innanfor lesing, rekning, skriving, digitale dugleikar og munnlege dugleikar. (4.6).

Innan 2030 skal me sikra at alle elevar tileignar seg kompetanse som fremjar berekraftig utvikling (4.7). Dette vil vera utdanning innanfor berekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likestilling, fremjing av ein kultur for fred og ikkje-vald, globalt borgarskap, verdsetting av kulturelt mangfald og kulturen sitt bidrag til berekraftig utvikling.





## Voss herad skal ha likestilling og styrka jenter og kvinner si stilling

Me skal gjera slutt på alle former for diskriminering av, og vald mot jenter og kvinner (5.1.), (5.2).

Me skal verdsetja ubetalt omsorgs- og hushaldsarbeid gjennom offentlege tenester, infrastruktur og sosialpolitikk (5.4).

Me skal sikra kvinner like lønnsvilkår full og reell deltaking, og like mogleheter til leiande stillingar på alle nivå i avgjerdss prosessane i det politiske, økonomiske og offentlege liv (5.5).

## Voss herad skal redusera ulikskap

Innan 2030 skal me fremja sosial, økonomisk og politisk inkludering i tråd med likestillings- og diskrimineringslova (10.2). Me skal ivareta rettane som er felt ned i CRPD (FN sin konvensjon om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne).

Me skal vedta politikk med siktet på å nå ei gradvis utjamning av skilnadar (10.4). Voss herad skal jobba med å vidareutvikla sine eigne tilbod både innanfor bibliotek, kultur og kulturskule.

Særlege strategiar skal utarbeidast for å møta utfordringar knytt til barnefattigdom.

Me skal leggja til rette for migrasjon og mobilitet på ein trygg, regelmessig og ansvarleg måte (10.4).

Alle born og unge skal oppleva tryggleik, meistring og tilhørsle.





## Voss herad skal fremja eit fredeleg og inkluderande samfunn med sikte på berekraftig utvikling

Me skal nå ein monaleg reduksjon i alle former for vald (16.1). Det skal vera trygt å ferdast i sentrum og utkantstrok i heradet. Voss herad må utvikla god beredskap mot uynskte hendingar og kriminalitet, og god hjelp til dei som vert utsette for skadar og vald. Arbeid med førebygging og haldningars hjå born og unge er viktige satsingsområde.

Me skal stansa overgrep, utnytting og alle former for vald mot born (16.2). Born og unge er ei sårbar gruppe som skal ha trygge omgjevnader å veksa opp i. Slik er det ikkje alltid, og kommunen har eit særskilt ansvar for å verna born mot skadelege tilhøve, slik at dei kan utvikla seg til å vera seg sjølv.

Me skal utvikla velfungerande, ansvarlege og opne institusjonar på alle nivå (16.6). Forvalting av ressursar og tildeling av tenester skal vera rettferdig og på rett nivå.

Politiske avgjersler skal gjennomførast på ein open og inkluderande måte. Innbyggjarar og brukarrepresentantar skal få gje si mening i relevante saker. (16.7). Me skal fremja og handheva ikkje-diskriminerande lover og politikk for berekraftig utvikling (16.b).





## INNOVATIVE VOSS – MED RØTER OG VENGJER

Både på Voss, i Granvin og på Oksenhalvøya ligg alt til rette for at alle kan få sterke opplevingar gjennom natur, lokal kultur og tradisjon. «Det grøne skiftet» kan ta Voss vidare. Alle må ta innover seg den endringa som samfunnet står overfor, no når oljealderen er på hell. Dette gjeld innan både privat og offentleg sektor. Det same gjeld digitalisering av samfunnet. Privat næringsliv og offentlege tenester vil gå gjennom store teknologiske endringar framover. Målet er å forenkla, forbetra og fornya. For at me skal lukkast med dette, er det viktig at brukaren eller kunden står i fokus. Dette kan bli ei endring som skapar grøn innovasjon, betre livskvalitet og betre folkehelse.

Voss og Hardanger har sterke identitetar, og reiselivet har godt fotfeste hjå oss. Produkta vil kunna samordnast i framtida. Her vert fleire større hotellverksemder, og nye reiselivsprodukt stadig utvikla. Etablering av nytt trafikknutepunkt med ny gondol og konferansehotell er døme på nye utviklingsprosjekt.



«Verda er vid, men Voss er vidare», lyder eit omgrep. Slik som utviklinga er no, kan me utvida dette omgrepet slik: Voss er i utvikling – Voss vil vidare. Voss må utvikla seg vidare saman med Granvin og Oksenhalvøya, som no gjer Voss endå meir attraktivt. Voss har eit variert næringsliv som må utviklast vidare. Skal Voss ta mål av seg til å vera eit sentralt regionsenter, må me satsa på nyskaping og utvikling. Kommunen må ha fleire bein å stå på, samstundes som me sikrar eksisterande næringsliv. I Granvin er næringslivet noko meir sårbart, med éi sentral hjørnestensbedrift.

I framtida er det viktig å oppretthalda kulturlandskap, tradisjonelt landbruk og næringsverksemder som er knytt til landbruket. Samstundes ynskjer me å fremja innovativ utvikling, også innan landbruket.

Kommunen sin tenesteproduksjon er sentral i Voss herad. Voss herad har, ved inngangen til ny kommune, omlag 1300 tilsette med eit bruttobudsjett på omlag 1,4 milliardar kroner. Kommunen yter gode tenester i dag, og målet er å yta like gode tenester i framtida. Kommunen som tenesteprodusent skal tilpassa seg framtida, vera endringsvillig og planleggja innovativt og heilskapleg. Dette tyder at me må tenkja nytt om korleis tenester skal tilbydast, og korleis me skal bruka ressursane framover. Kommunen vil tilby tenester som er tilpassa brukarane sine behov og innanfor kommunen sitt handlingsrom, med fokus på nye samhandlingsformer, effektive arbeidsprosessar og ny teknologi.

## 9 INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR



Voss herad skal byggja solid infrastruktur og bidra til innovasjon  
Me skal utvikla påliteleg, berekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet (9.1).

Me skal bidra til å oppgradera infrastruktur og omstilla næringslivet til å verta meir berekraftig, med ein meir effektiv bruk av ressursar og større bruk av reine og miljøvenlege teknologiformer og industriprosesser (9.4).

Me skal bli ein grøn kommune, og marknadsføra oss som det.

Voss herad skal satsa smart med framtidsretta digitale løysingar, og jobba for at alle har tilgang til nett.

## 7 REN ENERGI FOR ALLE



Voss herad skal sikra tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi

Innan 2030 skal me sikra ålmenn tilgang til pålitelege og moderne energitenester til ein overkomeleg pris (7.1).

Bruk av fornybar energi skal aukast monaleg innan 2030 (7.2).

I arealdelen til kommuneplanen skal innhald og servicenivå i lokal- og nærsenter definerast.





## Voss herad skal handla no for å motverka klimaendringane og konsekvensane av desse

Me skal styrkja evna til å stå imot, og tilpassa oss klimarelatert fare og naturkatastrofar (13.1).

Klimaendringar vert ein sentral del av risikobiletet i framtida, og me kan venta auka nedbør, meir ekstremvår og andre gradvis endringar som kan få store konsekvensar for helse, landbruk, samferdsle, bygg, anlegg og naturmangfald. I tillegg kan det få store konsekvensar for kvar innbyggjarar kan byggja hus og etablera seg. For Voss herad er utfordringar knytt til flaum og flaumsikring viktig å prioritera i åra som kjem.

Endra klima og meir ekstremvår vil innebera hyppigare hendingar med flaum, ras, skred (snø, jord og leire). Dette vil krevja auka ressursar og innsats.

Me skal innarbeida tiltak mot klimaendringar i heradet sin politikk, strategiar og planlegging (13.2).

Ny risiko og sårbarheitsanalyse (Vossaros) skal utarbeidast i løpet av planperioden. Voss herad skal vera opptatt av samvirke og utvikling innan samfunnsikkerheit og beredskap, og me skal nytta nye digitale verktøy i arbeidet.

Me skal styrkja alle, innbyggjarar og institusjonar, si evne til å motverka, tilpassa seg og redusera konsekvensane av klimaendringar og deira evne til tidleg varsling, samt styrka kunnskap og bevisstgjering kring dette (13.3).

Næringsutvikling i Voss herad skal byggja på berekraftig ressursforvaltning.

Me vil arbeida for at Voss og Hardanger er eit grønt reisemål i framtida.

